

Forskrift om endring i forskrift om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Vaksdal kommune, Vestland

Endra av Vaksdal kommunestyre XX.XX.XXXX med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar §§ 8-2, 8-3, 8-4, 8-5, 8-6, 8-7, 8-9, 8-10.

I forskrift 9.februar 2021 nr. 447 om folkevalde sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Vaksdal kommune, Vestland vert det gjort følgjande endringar:

§ 3 andre ledd skal lyde

Krav etter første ledd bokstav c) gjeld berre i tidsrommet 07.00-17.00 dersom det ikkje er kan dokumenterast forskuve arbeidstid, turnusarbeid m.v.

§ 3 tredje ledd skal lyde

Faste medlemmer i kommunestyret og kontrollutvalet får utbetalt eller utdelt IKT- utstyr for bruk til sitt verv, tilsvarende kr 5000 for ein valperiode.

§ 3 fjerde ledd skal lyde

Krav etter første ledd skal setjast fram for politisk sekretariat, så snart som mogleg og seinast innan 6 månadar etter at kravet oppstod. Kravet skal dokumenterast. Krav etter første ledd bokstav b eller c som ikkje kan dokumenterast, vert likevel dekka dersom utgiftene eller tapet er sannsynleggjort på anna vis.

§ 6 fjerde ledd skal lyde:

Varaordførar sitt verv er tilsvarende 40 % stilling. Godtgjering vert fastsett til 40 % av ordførar si godtgjering..

§ 7 andre ledd skal lyde:

Søknad om ettergodtgjering vert avgjort av kommunedirektøren.

§ 8 skal lyde:

Ordførar og varaordførar har rett til pensjon i tråd med kommunen si pensjonsordning for folkevalde.

§ 12 skal lyde

Endringane trer i kraft straks